

Møteinnkalling

Utval:	Folgefonna nasjonalparkstyre
Møtestad:	Telefonmøte
Dato:	26.03.2020
Tidspunkt:	12:00 – 13:00

Eventuelt forfall må meldast snarast til Jostein Klette på tlf. 97067100.

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 1/20	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 2/20	Konstituering for perioden 2020-2023 - Folgefonna nasjonalparkstyre		2020/364
ST 3/20	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 4/20	Tildeling midler frå Miljødirektoratet til Folgefonna nasjonalparkstyre 2020		2020/364
ST 5/20	Pålegg om retting av tiltak - Gjetarbu Vatnastøl - Ænesdalen - Folgefonna nasjonalpark		2020/2872
ST 6/20	Løyve til oppføring av utedo ved gjetarbu - Vatnastølsvatnet - Folgefonna nasjonalparken		2020/2872
ST 7/20	Delegerte saker		
DS 1/20	Delegert vedtak - Løyve til kjøring med snøskuter Espelandsmarka - Sandvinstølane - Folgefonna Nasjonalpark		2020/785
DS 2/20	Delegert vedtak - Løyve til kjøring med snøskuter Espelandsmarka - Sandvinstølane - Folgefonna nasjonalpark		2020/571
DS 3/20	Delegert vedtak - Løyve til motorisert ferdsel med helikopter og snøskuter til turisthytta Holmaskjer - Folgefonna nasjonalpark		2019/22356
DS 4/20	Delegert vedtak - Løyve til transport med snøskuter - Sandvinstølane - Folgefonna nasjonalpark		2020/112
DS 5/20	Delegert vedtak - Løyve til transport av byggemateriale til stølshus med helikopter - Fønderdalsstølen - Folgefonna nasjonalpark		2020/3229
DS 6/20	Delegert vedtak - Løyve til kjøring med snøskuter - Blåvassbu og Svarthammar - Folgefonna nasjonalpark		2020/2525
DS 7/20	Delegert vedtak - Løyve til transport med snøskuter - Buarstølen og Langrøbotnen - Folgefonna nasjonalpark og Buerdalen landskapsvernområde		2020/2021
DS 8/20	Delegert vedtak - Løyve til uttak av ved til hytte i Faurlia - Folgefonna nasjonalpark		2020/2886
DS 9/20	Delegert vedtak - Løyve til motorferdsel for helikopter og snøscooter - Bondhusdalen landskapsvernområde og Folgefonna nasjonalpark		2019/21450

ST 1/20 Godkjenning av innkalling og dagsorden



Arkivsaksnr: 2020/364-0

Sakshandsamar: Jostein Klette

Dato: 22.03.2020

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	2/20	26.03.2020

Konstituering for perioden 2020-2023 - Folgefonna nasjonalparkstyre

Innstilling frå forvaltar

I medhald av punkt 4 i vedtekter av 01.01.2020 for Folgefonna nasjonalparkstyre, vert styret konstituert med val av leiar og nestleiar for perioden 2020-2023

Saksopplysningar

Saksdokument:

- Brev av 02.09.19 frå Miljødirektoratet til aktuelle kommunar og fylkeskommunar, *Val av representantar til nasjonalpark- og verneområdestyrer*.
- Forslag til representantar sendt frå kommunar og fylkeskommunar til Miljødirektoratet
- Brev av 28.01.2020 frå Miljødirektoratet, *Oppnemning av medlemmer til Folgefonna nasjonalparkstyre*
- Vedtekter for Folgefonna nasjonalparkstyre, revidert 01.01.2020

På bakgrunn av framlegg frå kommunane og fylkeskommunen har Miljødirektoratet oppnemnt fylgjande medlemmer for Folgefonna nasjonalpark for perioden 2020 - 2023:

Styremedlem	Personleg vara	Representant for
Hans Inge Myrvold	Hilde Enstad	Kvinnherad kommune
Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim	Kenneth Lyng Karlsen	Etne Kommune
Jarle Vangen	Kjellaug Hoaas Samland	Ullensvang kommune
Sigrid Brattabø Handegard	Terje Kollbotn	Vestland fylkeskommune

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen Ænesdalen Bondhusdalen Buer
Naturreservat	Langebudalen

Ved oppnemninga av styremedlemene er det teke omsyn til krava i likestillingslova.

Miljødirektoratet fastsette reviderte vedtekter for Folgefonna nasjonalparkstyre 01.01.2020. Tal styremedlemmer er endra frå 6 til 4 medlemmer etter oppretting av Ullensvang kommune og Vestland fylkeskommune.

I medhald av vedtektene punkt 4 skal styret sjølv velja leiar og nestleiar:

4. Nasjonalparkstyret sine medlemmer, oppnemning, samansetjing mv.

Sammensetningen av styret skal følge kravene til kjønnsfordeling i likestillingsloven § 28. Nasjonalparkstyret skal ha 4 medlemmer med personlige varamedlemmer som møter når det faste medlemmet har forfall. Nasjonalparkstyret oppnevnes av Miljødirektoratet etter innstilling fra de berørte kommunene og fylkestinget i Vestland. Hver kommune skal være representert med ett medlem og innstiller en kvinne og en mann blant kommunestyrets medlemmer. Fylkeskommunen skal være representert med ett medlem fra fylkestinget/fylkesrådet, og innstiller en kvinne og en mann blant fylkestingets/fylkesrådets medlemmer. Oppnevningsperioden for medlemmene følger valgperioden for henholdsvis kommunestyret og fylkestinget. Nasjonalparkstyret velger selv sin leder og nestleder.

Styret kan også velje å nedsette eit arbeidsutval i medhald av vedtektene punkt 5:

5. Oppretting av arbeidsutval

Styret kan nedsette eit arbeidsutval med personar frå styret. Styret kan gje arbeidsutvalet mynde til å gjere vedtak etter naturmangfaldlova/verneforskrifta i einssilde saker som ikkje har stor påverknad på verneverdiane. Arbeidsutvalet sine vedtak skal vere innafor ramma av prinsipp fastsett av styret for dei ulike saksområda i tråd med naturmangfaldlova/verneforskrifta.

Vurdering

Styret vel leiar og nestleiar. Styret må vurdera om det skal opprettast arbeidsutval. Det var nedsett arbeidsutval for perioden 2016-2020. Det var i denne perioden handsama nokre mindre saker i arbeidsutvalet.

Dersom det skal opprettast arbeidsutval, vert det tilrådd å velja leiar, nestleiar og medlem til arbeidsutvalet. Det kan vera tenleg med varamedlemmer til arbeidsutvalet dersom det er hastesaker og fast medlem ikkje kan møte.

Styret har delegert mynde til forvaltar i medhald av vedtektene for styret (sak 10/16 – 02.06.2016):

Styret gjev nasjonalparkforvaltaren myndigheit til å handsama saker etter verneforskrifta sine spesifiserte dispensasjonsreglar og nokre særskilte saker etter § 48 i naturmangfaldlova.



Verneforskrifta sine spesifiserte dispensasjonsregler for ferdsel og motorferdsel er:

- *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark § 3 punkt 5 og 6.*
- *Forskrift om vern av Bondhusdalen landskapsvernområde § 3 punkt 4 og 5.*
- *Forskrift om vern av Ænesdalen landskapsvernområde § 3 punkt 4 og 5.*
- *Forskrift om vern av Hattebergsdalen landskapsvernområde § 3 punkt 4 og 5.*
- *Forskrift om vern av Buer landskapsvernområde § 3 punkt 4 og 5.*

Saker etter dei andre spesifiserte dispensasjonsreglane i verneforskriftene og etter naturmangfaldlova § 48 der:

- *Det dreier seg om fornying av dispensasjon gjeve av styret eller arbeidsutvalet, og føresetnadane er tilnærma uendra.*
- *Det føreligg etablert forvaltningspraksis frå saker handsama av styret/arbeidsutvalet i tilsvarande saker.*
- *Forvaltningsplanen gjev eintydige føringar for utfallet*

Delegasjonsvedtaket er gjort med heimel i vedtektene for Folgefonna nasjonalparkstyret av 15.08.2015 punkt 6.2.

Det nye styret må vurdere om det skal gjerast endringar i gjeldande delegeringsreglar. Dersom det er ønske om endringar må det fattast nytt delegasjonsvedtak.

ST 3/20 Val av styremedlem til å skrive under protokollen



Arkivsaksnr: 2020/364-0

Sakshandsamar: Jostein Klette

Dato: 21.02.2020

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	4/20	26.03.2020

Tildeling midler frå Miljødirektoratet til Folgefonna nasjonalparkstyre 2020

Innstilling frå forvaltar

Ikkje framlegg frå forvalter

Saksopplysningar

Nasjonalparkstyret søker Miljødirektoratet kvart år om midler til drift og midler til tiltak i vernerområda. Søknaden vert handsama i styret i siste styremøte for året.

Driftsmidler

Nasjonalparkstyret søkte om 282 719,- til drift i 2020. Miljødirektoratet løyvde 280 000,- midler til drift i 2020. Det vil sei at vi kan legge budsjettet under til grunn for 2020.

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen Ænesdalen Bondhusdalen Buer
Naturreservat	Langebudalen



	Budsjett 2020	Merknader
Driftsutgifter for utvala		
Møtegodtgjersle for Folgefonna nasjonalparkstyre	62 199	Sjå eige oppsett
Reiseutgift Folgefonna nasjonalparkstyre	6320	Sjå eige oppsett
Møteutgift Folgefonna nasjonalparkstyre	103 200	Sjå eige oppsett
Sum Folgefonna nasjonalparkstyre	171 719	
Reiseutgifter for rådgivende utval	6 000	1 møte, 12 rep, 500,- pr rep
Møtekostnader rådgjevande utval	5 000	
Sum Rådgjevande utval	11 000	
SUM DRIFTSUTGIFTER	182 719	
Utgifter i samband med forvaltingsplan, besøksstrategi og skjøtelsplanar		
Informasjons- og dialogmøter i samband med besøksstrategi	60 000,-	Estimert 6 møter med kommuner og andre typer informasjonsmøter
Prosjekt drift av infrastruktur Bondhusdalen	40 000,-	Estimert 4 møter i tillegg til innleige av foredragsholder
SAMLA KOSTNAD	282 719,-	

Figur 1 syner budsjett for drift av Folgefonna nasjonalparkstyre.

Tiltaksmidler

Miljødirektoratet har sett opp denne lista for prioritering av tiltaksmidler:

«Prioriteringer ved bruk av tiltaksmidler:

1. Tiltak som direkte bidrar til å motvirke negative påvirkningsfaktorer knyttet til trusselbildet (...)
2. Løpende skjøtselstiltak
3. Vedlikehold av eksisterende tilrettelegging
4. Bruk av merkevaren Norges nasjonalparker i verneområder med høyt besøkstrykk
5. Bruk av merkevaren i øvrige verneområder
6. Besøksforvaltningstiltak som ikke er direkte knyttet til trusselbildet (slik som fugletårn mm.)

I tillegg er tiltaka i besøksstrategien lagt til grunn sjølv om den ikkje er endeleg vedtatt.

Innsendt forslag til tiltaksmidler og prioritering er vist under:



Verneområde/tema	Skildring tiltak	Forankring	Søkt om	Tildelt
Fjerning av gran og framande bartrearter.	Det er i 2019 gjennomført ei kartlegging av gran og framande bartre i Nasjonalparken og tilgrensande landskapsvernområde. Lokalitetane kan delast i to kategoriar 1) tette bestander som er planta og 2) spreidde bestander som er resultat av frøing. Miljødirektoratet har viser til at avtale med grunneigarar og andre formalitetar bør vera i orden før det vert søkt om pengar. Det er i dag ikkje gjort nokon slike avtaler. Forvaltar meiner at det bør søkast om 400 000,- som fortrinnsvis bør brukast på hogst av mindre bestander som har frøa seg inn i verneområdet. Arbeidet med å ta ut framande bartre vil pågå over mange år og det bør startast opp snarast.		400 000,-	0,- (Må avvente til avtaler med grunneigarar er på plass)
Infopunkt - Bondhusdalen	Bygge opp att varde og etablera nytt infopunkt. I tillegg må det utformast generell informasjon knytt til parkering. Konkret er det føreslege 1 stort infoskilt, 4 skilt om parkering og liknande i tillegg til oppattbygging av 1 varde.	Besøksstrategien	200 000,-	
Infopunkt - Langfoss	2 Store informasjons-punkt 1000 x 700 mm. 1 med info om nasjonalparken. 1 med info om Langfoss m.m. 2 stk opplysningsskilt, med føremål å vise startpunkt for sti og liknande.	Besøksstrategien	140 000,-	
Infopunkt – Folgefonna	2 Store informasjons-punkt 1000 x 700 mm. 1 med info om nasjonalparken. 1 med info om sommarski-senteret. 2 stk opplysningsskilt, med føremål å vise startpunkt for sti og liknande.	Besøksstrategien	140 000,-	



Infopunkt - Buer	4 Store informasjonspunkt 1000 x 700 mm. 2 med info om nasjonalparken. 2 med info om Buardalen, til 2 parkeringsplasser. 2 stk opplysningsskilt, med føremål å vise startpunkt for sti og liknande.	Besøksstrategien	200 000,-	
Undervisnings- og informasjonssopplegg i lag med naturretteleiar	Nasjonalparkstyret og naturretteleiar lagar eit undervisnings- og informasjonsprogram for born og unge, som skal formidle verneverdiane. Konkret vil det omfatte undervisningsmaterieill og utarbeiding av dette.	Besøksstrategien	25 000,-	
Nærsti - Hattebergsdalen	Utarbeida nærsti med info om kultur og naturhistorie rundt Hattebergsfossen. Konkret vil det vera utgifter til skilt og informasjonsmaterieill.	Besøksstrategien	60 000,-	
Infoskilt Ænesdalen	Infoskilt om turar på Ænes og landskapsvernområde. Lite infopunkt 700 x 500 mm. Delfinansiering på 50 %.	Besøksstrategien	50 000,-	
Skilt Møsevatnet	Skiltinfo ved Møsevatnet skal vera vekke. Dette punktet gjer direkte innsyn til Folgefonna og er populært startpunkt for kajakkpadling til Bretunga av Møsevasbreen. Det er her trong for nytt skilt for å opplyse om verneområdet og informasjon om farane ved å ferdast nære brearmen. Lite informasjonspunkt 700x500 mm og eit informasjonsskilt. Delfinansiering på 50 %.	Er ikkje forankra i besøksstrategien for 2020 men det manglar skilting og det må erstattast	57 100,-	
SAMLA SUM			1 272 100,-	800 000,-



Vurdering

Nasjonalparkforvalter legg til grunn styret sitt vedtak om prioritering av midler og legg fram følgende forslag til prioritering av tiltaksmidler i 2020:

- Infopunkt – Buer
- Infopunkt – Langfoss
- Infopunkt - Bondhusdalen
- Infopunkt – Folgefonna
- Nærsti - Hattebergsdalen
- Infoskilt Ænesdalen
- Skilt Møsevatnet

Punktet som omhandla «*Undervisnings- og informasjonsopplegg i lag med naturrettleiar*» går ut på bakgrunn av at det vart løyvd 100 000,- frå restmidler som stod att ved slutten av 2019. Desse midlane skal nyttast til «*eit undervisnings- og informasjonsprogram for born og unge, som skal formidle verneverdiane. Konkret vil det omfatte undervisningsmateriell og utarbeiding av dette*». Midlane skal nyttast til undervisningsopplegg for alle Folgefonnkommunane.



Arkivsaksnr: 2020/2872-0
Sakshandsamar: Jostein Klette
Dato: 24.02.2020

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	5/20	26.03.2020

Pålegg om retting av tiltak - Gjetarbu Vatnastøl - Ænesdalen - Folgefonna nasjonalpark

Innstilling frå forvaltar

Folgefonna nasjonalparkstyre gjev med dette pålegg om fjerning av veranda utanfor gjetarhytte ved Vatnastøl, jf. vedtak i sak ST 29/13 og ST 6/14, med heimel i Naturmangfaldlova § 69.

Vilkår for vedtaket er:

- Veranda med fundament skal fjernast frå bygget si langside.
- Tiltaket skal vera fjerna og området skal vera rydda for bygningsmateriale og avfall tilknytt fjerning av tiltaket, innan 1. oktober 2020.
- Det kan stå att ein platting på bygningen si nord-austlege side, med breidde avgrensa av bygningens breidde, dvs kortside, og lengde avgrensa av dagens lengde ut frå bygningsskropp. Rekkverk skal målast i sam farge som hytta.
- Dersom tiltaket ikkje er fjerna og området er rydda slik det er skissert i vilkåra innen fristen vil styret vurdera tvangsmulkt i eit eige vedtak, jf. NML § 73.

Saksopplysningar

Tiltakshaver fekk løyve til oppføring av gjetarbu i Folgefonna nasjonalparkstyre sitt vedtak ST 29/13 :

«Grunneigarane på Ænes ved Per Magne Enes, får setja opp den omsøkte gjetarhytta ved Vatnastøl. Løyvet er gitt med heimel i Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark § 3 punkt

1.3.c. Løyvet er gitt med følgjande vilkår:

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen Ænesdalen Bondhusdalen Buer
Naturreservat	Langebudalen



- *Løyvet er ikkje endeleg før teikningar og plassering av hytta er godkjent av Folgefonna nasjonalparkstyre.*
- *Den gamle anleggsbrakka som står på Vatnastøl skal fjernast når den nye gjetarhytta vert sett opp.»*

I grunngevinga for vedtaket har styret vist til at:

«For at folk som ferdes i nasjonalparken skal kunna fortsetja å oppleva eit landskap som er pleia av dei tradisjonelle beitedyra, vil ei gjetarhytte vera ei god og naturleg naudsynt investering for framtidig næring i Ænesdalen. Det vil også kunne bidra til ei mogleg framtidig auke i antal dyr i besetningar, om det er tilrettelagt for tilsyn med flokken i fjellet.

Eit slikt prosjekt er ikkje noko luksusplass og bør heller samanliknast med dei mange steinbuene som finnes på Hardangervidda.

Landbruksavdelinga i kommunen opplyser at det er fleire som ynskjer å auka opp med beitedyr på Ænes i framtida. Eit løyve vil vera positivt for beitebruk og rekruttering, og vil stimulera til bruk av dei gamle stølsområda. Bruk og vern må gå hand i hand dersom ein skal kunna taka vare på verneområda for framtida.

Styret meiner også at gjetarbua vil ha ein funksjon som sikringsbu i området for folk som ferdast der. For ein auka og ynsk vekst i bruken av Ænesdalen som friluftsområde, vil prosjektet kunna bidra til ei rein sikring av helse ved naudstilfelle.

Søkjjar har sagt at dei vil koma tilbake med teikningar dersom styret stiller seg positive til søknaden. Her har ein høve til å gå i dialog med grunneigarane slik at ein kan få eit bygg som samsvarar med krava til tradisjonell byggeskikk i nasjonalparken. Ein kan setja krav til storleik, og bruk av material, og ein kan setja vilkår om at den gamle anleggsbrakka som står der frå før skal fjernast.»

Styret vedtok byggeteikningar i vedtak ST 6/14:



Grunneigarane på Ænes ved Per Magne Enes, får setja opp den omsøkte gjetarhytta ved Vatnastøl. Løyvet er gitt med heimel i Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark § 3 punkt 1.3.c. Løyvet er gitt med følgjande vilkår:

- *Løyvet er ikkje endeleg før teikningar og plassering av hytta er godkjent av Folgefonna nasjonalparkstyre.*
- *Den gamle anleggsbrakka som står på Vatnastøl skal fjernast når den nye gjetarhytta vert sett opp.*

Styret gjer merksam på at det omsøkte tiltaket også treng løyve frå Hordaland fylkeskommune som kulturminnemyndigheit, og frå Kvinnherad kommune.

Samrøystes vedteke.»

Teikningane som er sendt inn syner ei enkel bu med mindre overbygg på langside mot sør, men utan nokon form for veranda eller tiltak utandørs, sjå under.



Skildring av utført tiltak

Statens Naturoppsyn (SNO) har som oppgave å føre til syn i verneområda. Folgefonna nasjonalparkstyre fekk epost 04.10.2019 frå SNO der dei viste til tilsyn på byggetiltaket 26.09.19, og ba om at nasjonalparkstyret som vernemyndighet vurderte retting av ulovleg tiltak.

Forvalter var på synfaring til Vatnastølsvatnet 27.08.2019 og bileta under er tatt denne dagen. Det var her konstatert at det var bygd tiltak i strid med løyve frå Folgefonna nasjonalparkstyre


SNO har peka på fleire tilhøve som ikkje er i tråd med løyve. Av mindre tiltak er:

1. Ytermål på teikning er 5,2 x 3,5 m (18,2 m²). Hytta er oppført med ytre mål 5,4 x 3,7 (20 m²).
2. Svalgang er i teikningar målt til 1,35 m brei medan bygd tiltak er 1,45 m brei.
3. Fasadane er snudd i høve til teikningane.
4. Sett inn vindauge i møne på sida mot aust.

Forvaltar vil peika på at nokre av desse er av mindre karakter og vil soleis ikkje ha noko verknad for verneføremålet. Desse tiltaka er difor ikkje vidare oppfølgt. Det er oppført to vesentlege tiltak som bør følgast opp vidare. Desse er:

1. Veranda med mål 5,95 x 1,9 m på langsida mot nordaust. På mønesida var veranda målt til 5,0 x 1,0 m. Total størrelse er 16,5 m².
2. Utedo 20 m nordaust for hytta, med måla 1,7 x 1,8 m.

I søknad og oversending av teikningar, i tillegg til i vedtaka frå nasjonalparkstyret, er dei nemnde i skildra eller vist til. Desse er difor tvilaut i strid med løyva som er gitt i saka. Bilete under frå august 2019 syner den ferdige hytta.











Tiltakshaver sin merknad

Det vart sendt ut førehandsvarsel om vurdering av retting av ulovleg tiltak i brev datert 11.02.2020, det ein ba om uttale frå tiltakshaver.

Tiltakshaver sendte inn merknadar i epost datert 27.02.20 med vedlegg datert 16.02.20, sjå vedlegg.

I merkningen vert det peika på to tilhøve; 1) utedo og 2) veranda. Utedo vert handsama i eigen søknad, sjå styresak nr XX.

I høve til veranda syner tiltakshaver til at:

Bygging av altan/platting utan løyve:

Vil med dette beklaga at vi har sett for lett på gjeldande byggeløyve og innsende teikningar på gjetarbua.

Bua på Vatnastøl er ein direkte kopi av ei bu som står ved Gygrastolsvatnet, den er også innanfor grensa til nasjonalparken. På oppsida av bua ved Gygrastolsvatnet er det laga ein platting, om lag på storleik med den som vi har laga på Vatnastøl. Vi fann ut at det kunne vera praktisk med ein slik platting på Vatnastøl og, av fleire årsaker:

- Ved ein eventuell brann vil den kunna nyttast som rømningsveg ut frå soverom som er nede og på hemsan. Dersom den ikkje er der vil høgda frå soveromma og ned verta monaleg større og då må ein hoppa rett ned i steinete underlag, noko som vil kunne medføre skade på dei som hoppar.*
- Ved ferdsel rundt bua vil ein hindra at vegetasjon blir trakka ned og at det blir sørpete. Ved at ein går på plattingen vil ein unngå dette.*
- Heile sommaren går det sauer på beite der inne. Med ein slik platting som ein kan sperra av, vil ein ha ein plass der sauene ikkje kan gå.*
- Plattingen er åpen for dei som vil stoppa for å eta nista og nyta utsikten over vatnet og dalen.*
- Om sommaren er det ofte ungar med inn til Vatnastøl, og dei har stor nytte og glede av denne plattingen. Dette gjev dei forsterka positiv oppleving av å vera der, som igjen kan vera med å bidra positivt til at dei nyttar dalen til fleire turar for ettertida.*
- Rekkverket på plattingen vil bli malt i samme farge som resten av bua og vil då framstå som meir dempa i konstruksjonen.*

Vonar med dette at plattingen kan få stå i den form den er.



Juridisk grunnlag for pålegg om retting

Naturmangfaldlova § 69 heimler adgang til å gje pålegg om retting av eit ulovleg tiltak. Krav til å gje eit pålegg er at det tvillaust er gjennomført eit ulovleg tiltak. Vedtak om bygging av gjetarbu viste til innsendte teikningar. Desse viste ikkje veranda. Bygging av veranda er difor å rekne som eit tiltak som det ikkje er gjeve løyve til. Det er difor adgang til å gje pålegg om retting av ulovleg tiltak i høve til § 69.

Vurdering

Bakgrunnen for at det vart gjeve løyve til gjetarbua var at den skulle nyttast i samband med husdyrhald og vera nytta til tilsyn og sanking av sau. Både i søknaden og i løyve frå styret har dette vore eintydig.

Forvaltningsplanen gjev retningslinjer for forvaltning av tiltak i nasjonalparken. Utgangspunktet er at det skal vera ein restriktiv praksis når det gjeld nye bygg. Ved ombygging og utviding er det retningslinjer som seier at:

« (...)..Ved vurderinga vil det verta lagt stor vekt på estetikk og landskapsbilete i tillegg til omfanget av endringane. I ein søknad om ombygging/utviding er det svært viktig at behovet for eventuelle endringar vert gjort godt synleg».

Det vil sei at alle byggetiltak ut over vedlikehald må vurderast opp mot behov. Nasjonalparkstyret kan sjå at det er trong for ein utedo ved ei bu. Søknad som omhandlar oppføring av utedo er handsama i eigen sak, sjå styresak i møte 18.03.20. Det må imidlertid vurderast om det er trong for ein veranda på ei gjetarbu.

Styret viste i sitt vedtak om løyve til gjetarbu at:

«Eit slikt prosjekt er ikkje noko luksuspallass og bør heller samanliknast med dei mange steinbuene som finnes på Hardangervidda».

Styret sin intensjon med løyve var å dekke eit behov til bu til tilsyn husdyr, og med det sikre betre vilkår for gardsdrift og bruk av områda i nasjonalparken til beiting. Det er i tillegg poengtert i grunngevinga at dette skal samanliknast med dei enkle buene på Hardangervidda.

Ein større veranda ikkje kan reknast som naudsynt for ei gjetarbu. Ei gjetarbu må innehalde overnattingsmuligheter, kjøken, bord og benker og mulighet for varme og matlaging. Hytta framstår i dag som å dekke desse behova med ein viss grad av komfort. Ein veranda kan ikkje påreknast å vera naudsynt i høve til bruk av bygget som gjetarbu. Det er i tillegg i strid med styret sin intensjon om at bygget skal ha eit enkelt preg, jamfør grunngevinga over.

Nye tiltak må vurderast opp mot kva som er tradisjonell byggjeskikk på buer og hytter i nasjonalparken. Verneforskrifta viser til at:

«Ombygging, utviding og nybygg skal skje i samsvar med tradisjonell byggeskikk (...)», jf. § 3.

Ein set ikkje i dag med fullstendig informasjon om alle bygg innanfor nasjonalparken. Det er imidlertid ingen av dei bygga ein set med informasjon om som har veranda som i størrelse eller utforming samsvarar med det utførte tiltaket det her gjeld. Tiltakshaver peikar i sin merknad på at det på hytte ved Gygrastolsvatnet har tilsvarande utforming av hytte og veranda. Spørsmålet er då om det vil vera usakleg forskjellsbehandling i høve til gjetarbua



ved Vatnastølsvatnet å kreve denne fjerna. Ein kjenner ikkje til byggeår på hytta, men vi finn ikkje at dette er vesentleg i vurderinga.

Hytta ved Gygrastølsvatnet er ei hytte som ligg under skoggrensa og denne skal vera oppført før nasjonalparken vart oppretta. Det er difor vesentleg forskjell frå gjetarbua, som er bygd på ein open og eksponert stad. I tillegg vil forvaltar hevda at eit nyare tiltak ikkje vil kunne etablera ein tradisjon når det gjeld utforming av gjetarbuer eller hytter. Det er difor ikkje usakleg forskjellsbehandling å ikkje opne for veranda på gjetarbu inne i nasjonalparken. Ein kan heller ikkje sjå at verandaen kan reknast som tradisjonell byggjeskikk på bygg innanfor nasjonalparken.

I nasjonalparken er det ein intensjon å ta vare på eit urørt naturområde. Det vil sei at byggjetiltak bør vera minst mogleg, og størrelse må vurderast opp mot behovet dei skal dekkja. Gjetarbua dekkjer i dag det behovet den er bygd for. Forvaltar kan ikkje sjå at ein veranda av denne størrelsen er naudsynt for føremålet til gjetarbua. Ei opning for veranda framfor gjetarbu og hytter i nasjonalparken vil gje ein praksis der ein vesentleg auker byggevolum på dei enkelte hyttene. Samla sett vil dette vera i strid med føremålet til nasjonalparken, som er å ta vare på eit tilnærme urørt naturområde.

Gjetarbua ligg i ein skråning og har inngang på kortsida mot nordaust. Det vil her vera naturleg å ha ein mindre platting framfor inngangsparti. Det kan her opnast for at det vert etablert ein mindre platting avgrensa av breidda til gjetarbua.

Vurdering opp mot Naturmangfaldlova §§ 7 – 12

Tiltaket gjeld fjerning av byggetiltak. Ein finn difor at tiltaket ikkje vil ha noko innverknad på naturmangfald.

Konklusjon

Oppført veranda er vurdert til å vera i strid med styret sin intensjon bak vedtaket om oppføring av gjetarbu og bakgrunnen for restriktive rammer for byggjetiltak i nasjonalparken. I tillegg er dette ikkje vurdert til å vera tradisjonell byggjeskikk. Det vert pålag retting av tiltak med heimel i Naturmangfaldlova § 69.

Retting av tiltak

På bakgrunn av vurderinga over må eksisterande veranda fjernast. Det kan stå att ein platting på bygningen si kortsida mot nord-aust, med breidde avgrensa av bygningens breidde, dvs kortsida. Lengde ut frå bygningskropp må vera lik dagens lengde. Eit eventuelt rekkverk skal ha same farge som hytta. Alt bygningsmateriell og avfall skal vera fjerna frå staden.

Klagefrist

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet,



Førehandsvarsel om tvangsmulkt

Retting av tiltak må vera gjennomført innan **1. oktober 2020**. Dersom ikkje tiltakhaver rettar tiltaket innan fristen og vedtekne vilkår vil nasjonalparkstyret vurdere å pålegge ein tvangsmulkt, som eingongsum, med heimel i Naturmangfaldlova § 73. Dette vil vera eit eige vedtak i styremøte dersom vilkåra i dette vedtaket ikkje er oppfylt.

Vilkår for å vurdere tvangsmulkt er at det skal ligge føre ein klår brot på vedtaket og at det skal vera mogleg å oppfylle vilkår og krav i sak om retting av ulovlege tilhøve. Desse vilkåra er oppfylt. Dette er å rekne som eit førehandsvarsel om tvangsmulkt, jf. Forvaltningslova § 16.

Størrelse på tvangsmulkt må vera rimeleg ut frå tiltaket og alvorlighetsgrad. I tillegg skal denne ha ein allmennprevantiv effekt. Styret vil vurdere ein tvangsmulkt på 25.000,- dersom ikkje vilkåra i dette vedtaket er oppfylt innan fristen.



Arkivsaksnr: 2020/2872-0
Sakshandsamar: Jostein Klette
Dato: 02.03.2020

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	6/20	26.03.2020

Løyve til oppføring av utedo ved gjetarbu - Vatnastølsvatnet - Folgefonna nasjonalparken

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* § 3 punkt 1.3 c), gjev Folgefonna nasjonalparkstyre gbnr 64/1 til 3 v/Per Magne Enes løyve til oppføring av utedo ved gjetarbu ved Vatnastølsvatnet. For løyve gjeld følgende vilkår:

- Utedoen skal vera inntil 1.8 x 1.9 m i grunnflate
- Takhøgde skal vera inntil 2.8 m frå nedre bordkledning til topp møne
- Utedoen skal vera lokalisert på same lokalisering som den er i dag
- Utforming skal vera i mørke jordfarger og med taktekking som er matt

Vi gjer merksam på at de må avklare gjeldane tiltak etter andre lovverk, kontakt Kvinnherad kommune om dette.

Saksopplysningar

I samband med vurdering av pålegg om retting av tiltak på gjetarbu ved Vatnastølsvatnet i styremøte 18.03.20 har det kome inn søknad om godkjenning av allereie oppført utedo på same lokalitet.

I brev datert 16.02.20 er det vist til at:

Oppsetting av utedo utan løyve:


Dette er ein glipp av meg som har skrive søknaden. Eg har bare søkt om gjetarbu til nasjonalparkstyret, men då eg søkte til kommunen er det tatt med søknad om utedo også, og

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen Ænesdalen Bondhusdalen Buer
Naturreservat	Langebudalen



den er blitt godkjent frå kommunen. Eg legg ved byggjeløyve frå kommunen, og søker med dette om godkjenning av utedo frå nasjonalparkstyret. Utedoen står åpen heile tida og er derfor åpen for at folk som går på tur i området kan nytta den. Det har frå tidlegare vore erfart at folk som vitjar Vatnastøl til fiske og overnatting har nytta tilfeldig valgte plassar i området til å gå på do, dette vil forhåpentligvis bli betre med ein utedo i området.»

I byggesøknad til kommunen er det vist til desse teikningane:



Det er her vist til måla 1.5 x 1.5 m. Måla på oppført utedo er 1.8 x 1.9 m, sjå bilete under. Utførte tiltak er difor ikkje i samsvar med dei måla som ligg i søknad til kommunen. Det vil i vår vurdering ligge til grunn måla 1.8 x 1.9 m.



Juridisk grunnlag

Utgangspunktet er at det er forbode å opprette nye bygg i høve til § 3, punkt 1.1 i verneforskrifta for Folgefonna nasjonalpark. Det er gjort unntak for at nasjonalparkstyret kan gje løyve til oppføring av nye bygningar i samband med husdyrnæring, jf. § 3 punkt 1.3 c).

Alle vedtak skal legge sakshandsamingsreglane i Naturmangfaldlova §§ 8-12 til grunn.

Vurdering

Folgefonna nasjonalparkstyret gav i møte 13.09.2013 løyve til oppføring av gjetarbu med heimel i § 3 punkt 1.3 c). Oppføring av utedo tilknytt gjetarbua vert vurdert i tilknytning til dette tiltaket.

Det er trong for gode sanitærløysingar i tilknytning til ei gjetarbu. Sjølv om denne ikkje har ein utstrakt bruk er det viktig å kunne ha ei løysing for handtering, slik at ein unngår å ha dette spreidd utover i omkringliggende landskap. Sjølv landskapsinngrepet er ut frå vår vurdering allereie gjort ved å plassera eit gjetarbu her inne. Ein utedo vil i liten grad påverke landskapet



i nemneverdig grad. Det er etter vår vurdering eit naudsynt behov som gjer at ein bør opne for etablering av utedo her.

Utedoen er lokalisert omtrent 20 m frå vatnet. Grunnen består av morene og det er tett lyng og buskvegetasjon ned til vatnet. Ut frå vår vurdering vil det ikkje vera grunn til å tru at avsig frå utedoen vil ha ein negativ påverknad på vassdraget.

Saka er vurdert etter Naturmangfaldlova § 8-12. Kunnskapsgrunnlaget er vurdert til å vera godt nok til å fatte eit vedtak. NML §§ 9-12 er ikkje aktuelle for denne saka.

ST 7/20 Delegerte saker

**DS 1/20 Delegert vedtak - Løyve til kjøring med snøskuter
Espelandsmarka - Sandvinstølane - Folgefonna Nasjonalpark**

**DS 2/20 Delegert vedtak - Løyve til kjøring med snøskuter
Espelandsmarka - Sandvinstølane - Folgefonna nasjonalpark**

**DS 3/20 Delegert vedtak - Løyve til motorisert ferdsel med helikopter og
snøskuter til turisthytta Holmaskjer - Folgefonna nasjonalpark**

**DS 4/20 Delegert vedtak - Løyve til transport med snøskuter -
Sandvinstølane - Folgefonna nasjonalpark**

**DS 5/20 Delegert vedtak - Løyve til transport av byggemateriale til
stølshus med helikopter - Fønderdalsstølen - Folgefonna nasjonalpark**

**DS 6/20 Delegert vedtak - Løyve til kjøring med snøskuter - Blåvassbu
og Svarthammar - Folgefonna nasjonalpark**

**DS 7/20 Delegert vedtak - Løyve til transport med snøskuter - Buarstølen
og Langrøbotnen - Folgefonna nasjonalpark og Buerdalen
landskapsvernområde**

**DS 8/20 Delegert vedtak - Løyve til uttak av ved til hytte i Faurlia -
Folgefonna nasjonalpark**

**DS 9/20 Delegert vedtak - Løyve til motorferdsel for helikopter og
snøscooter - Bondhusdalen landskapsvernområde og Folgefonna
nasjonalpark**

DS 10/20 Delegert vedtak - Løyve til ferdsel med snøskuter - Transport av saltstein og proviant med meir - Folgefonna nasjonalpark